

# Tilvenning i barnehagen

**M**ange barn tek til i barnehagen når dei er eitt år. Det følgjer spenning med å levere frå seg eit barn som du sjølv er så sterkt knytt til. Vil dei tilsette klare å sjå barnet ditt? I tilvenningsfasen er behova hos foreldra ulike. Ver difor trygg på at du alltid kan spørje personalet om ting du lurar på.

### Trygg overgang

**F**rå å knytte kontakt med deg som forelder i spedbarnstida, vil barnet ditt no utforske nye menneske og omgivnader. Barn flest er naturleg nysgjerrige og interesserte i å utforske. Ved å vere saman med barnet i barnehagen den første tida, er du med på å gjere barnehagen til ein trygg stad. Det er individuelt kor lenge kvart barn treng deg til stades i barnehagen. Har du bekymringar, er det lurt å dele dette med dei tilsette når barnet ikkje er til stades. Slik unngår du å overføre uroa di til barnet.

### Tydeleg avskjed

**D**et er heilt normalt at barnet i tilvenningsfasen viser misnøye når du går. Dersom du avleier, eller «listar deg ut», vil barnet lære seg å vakte på deg. Ver difor tydeleg i avskjeden. Barnet lærer at «ha-det» betyr at du går, men at du kjem tilbake.

### Bruk tid med barnet

**N**år de kjem heim etter barnehagen, har barnet behov for tid saman med deg. Har du høve til at barnet kan ha kortare dagar i barnehagen, er dette positivt. Fysisk nærleik og kontakt er viktig. Ei god prioritering i startfasen kan vere å bruke meir tid heime enn å delta på aktivitetar utanfor heimen.

### Godt samarbeid

**D**ei tilsette er viktige personar for barnet ditt. Ein god relasjon mellom deg og barnehagen er avgjerande for at barnet kjenner seg trygt og ivareteke. Det er viktig at dei tilsette kjenner til forhold som påverkar barnet ditt, slik at dei betre kan forstå og møte barnet.

### Reflekter saman

- Kva er viktig for deg når barnet ditt vert tilvent i barnehagen?
- Kva kan du som forelder gjere for å trygge barnet i tilvenningsfasen?
- Når meiner du det kan vere lurt å involvere barnehagen når kvardagen blir ekstra utfordrande?
- Kva skaper godt samarbeid mellom foreldregrappa og dei tilsette?

### Nyttig lenkje:

[www.fub.no](http://www.fub.no) Foreldreutvalget for barnehagen